



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Møte i Studentparlamentet

nr 4/23-24

Onsdag 31. Januar 2024

Konferanserommet på Rokken

Kl 16.00-20.00

Matsservering kl 16.00

Møtestart kl 16.30

Saksliste

Sak 36 – 23/24:Godkjenning av innkalling og protokoll	3
Sak 37 – 23/24:Godkjenning av sakslista	3
Sak 38 – 23/24:Orienteringar	5
Sak 39 – 23/24: Rekneskap 2023	6
Sak 40 – 23/24: Årsmelding 2023	7
Sak 41 – 23/24: Val av delegasjon til NSO landsmøte	8
Sak 43 – 23/24: Val av representanter til SAIH vintersamling	9
Sak 44 – 23-24:Eventuelt	10

Sak 36 – 23/24: Godkjenning av innkalling og protokoll

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar
Vedlegg: Vedlegg 1. Protokoll frå møte i Studentparlamentet 29.11.23

Namneopprop.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

- Ronda og Maher (frå AU) blir valde til teljekorps for møtet
- Dersom ikkje fast ordstyrar er tilstades, kjem AU med forslag til ordstyrar for møtet.

Studentparlamentet godkjenner protokollen frå møte 29.11.23.

Sak 37 – 23/24: Godkjenning av saklista

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar

Eventuelle merknadar, tillegg eller endringar av saklista må meldast inn under dette punktet.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek fylgjande sakliste med dagsorden for møtet:

		Dagsorden for studentparlamentsmøte	*	Saksframlegg
16.00	00	Felles middag		
16.30	36	Godkjenning av innkalling og protokoll	V	Ordstyrar
	37	Godkjenning av sakliste	V	Ordstyrar
16:35	38	Orienteringar	O	Leiar
16:45	39	Regnskap 2023	O	Leiar
17:00	40	Årsmelding 2023	O	Leiar
17:30	41	Budsjett 2024	V	Internasjonal ansvarleg
17:40	42	Val av delegasjon til NSO Landsmøte	V	Nestleiar
17:50	43	Val av representantar til SAIH vintersamling	V	Internasjonal ansvarleg

18:00	44	Eventuelt		
	45	Møteslutt, møtekritikk		

*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker.

Tidspunkta i dagsorden er omtrentlege.

Sak 38 – 23/24: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak
Saksframleggar: Leiar

AU orienterer om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Møte med studentorganisasjonar 25. Januar
- Buddy Week
- Nyttårsbord
- Treng fleire vara i Studentparlamentet. Det blir suppleringsval neste møte
- Faddervekastyre. Frist 2. Februar
- Internasjonal dag 7. februar

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde

Info frå studentane i styret i SiVolda og Høgskulestyret

Info frå representantar i Studentparlamentet

Sak 39 – 23/24: Rekneskap 2023

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Org.konsulenten
Vedlegg: Vedlegg

Budsjettet for 2023 vart vedteke på parlamentsmøtet 25.01.23, og revidert på parlamentsmøta 01.11 og 29.11. Årsaka til revideringa 01.11 var eit ynskje om å auke posten for info og profilering med «ledige» middel frå kontoane for møter, kurs og seminar. Ny revidering 29.11 skuldast ein uteståande faktura for deltaking på årsmøtet til NSO på 11.144 kr, som gjorde at ein måtte flytte pengar tilbake til kontoen for kurs og seminar.

Rekneskapen for 2023 viser ei inntekt/støtte på 225 000,- frå HVO og SiVolda. Utgiftene til drift på 108 632,- + utdelte velferdsmiddel på 105 000,-, gir totale utgifter på 213 632,- Ubrukte middel vart dermed 11 368,- som går tilbake til HVO. Årsaka til overskotet er i hovudsak at det ikkje vart brukt pengar på julebord dette året.

I tillegg til den årlege støtta frå HVO og SiVolda, fekk parlamentet i 2023 gåvemidlar frå Sparebanken Møre på 100 000,- Delar av desse vart brukt til ein infofilm om studentorganisasjonane (20 000,-) og eit bordtennisbord (7 233,-) Resten av pengane står disponible på konto i banken.

Studentparlamentet merkar som sist år auka prisar på mat og overnatting. Summen Studentparlamentet får tildelt har stått stille i fleire år.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet tek rekneskapen for 2023 til vitande.

Sak 40 – 23/24: Årsmelding 2023

Type sak: Vedtakssak // Orienteringssak // Diskusjonssak
Saksframlegg: Leiar
Vedlegg: Årsmelding

AU har skrive årsmelding for 2023 etter mal frå tidlegare år, der det kjem fram kva Studentparlamentet har arbeidd med gjennom året og korleis aktiviteten har vore.

Leiar Ammy Bolme vil oppsummere hovudpunkta frå årsmeldinga.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet tek årsmeldinga for 2023 til vitende.

Sak 41 – 23/24: Val av delegasjon til NSO landsmøte

Type sak:	Vedtakssak
Saksframlegg:	Leiar
Vedlegg:	Vedlegg 2 Vedlegg 3

NSO sitt landsmøte finn stad helga 5.-7. april i Tønsberg. For studentar som ikkje har delteke på landsmøte før, er det også tilbod om eit formøte 4. april.

Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda har 3 delegatplassar til landsmøtet. I tillegg kan vi sende 1-2 observatørar.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel 3 delegatar og 3 vara til LMNSO i Tønsberg 5.-7. april 2024. 1. vara blir med på møtet som observatør.

Bakgrunn

Landsmøtet er Norsk Studentorganisasjon sitt høgaste organ, og det er her organisasjonen meistar ut sin nasjonale politikk og tek sine viktigaste avgjerder. Kva skal vere norske studentar sine viktigaste nasjonale kampsaker i året som kjem? Kven skal leie organisasjonen?

Landsmøtet blir arrangert i april kvart år, og består av representantar frå alle medlemslaga til NSO. LM er eit høgdepunkt i året i studentdemokratiet. Det er svært lærerikt, sosialt og spanande å delta på LM, men krev også konsentrasjon. Dei som reiser må rekne med lange dagar og mange saker å halde styr på, men også mykje energi og leven. Å treffe andre engasjerte studentar rundt om på andre institusjonar bidreg til nye impulsar, nettverk og erfaring å ta med seg vidare.

[NSO sine nettsider](#) har oppdatert info om landsmøtet og sakene som skal opp. Det er også mogleg å sende inn forslag til saker og resolusjonar. Frist for å melde på delegasjonen 23. februar. Endelege sakspapir blir sendt ut 8. mars. Frist for å sende inn forslag til resolusjonar og vedtektsendringar er 23. februar. Det blir digital introduksjonswebinar 13. og 18. Mars for innføring i sakene som skal diskuterast på LM.

Studentparlamentet i Volda har tre delegatplassar på landsmøtet. Delegatane får dekt alt av kostandar til reise og opphald gjennom NSO. Studentparlamentet har i tillegg tradisjon for å sende ein observatør til landsmøtet som vi kostar sjølv. Vi brukar å sende ei blanding av medlemmar frå AU og parlamentet

Sak 42– 23/24: Val av representanter til SAIH vintersamling

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Internasjonalt ansvarleg

Studentanes og Akademikaranes Internasjonale Hjelpfond (SAIH) skal ha vintersamling fredag 23. til søndag 25. februar 2024. Samlinga tar plass på Kongsberg Vandrerhjem. Påmeldingsfrist 1. februar.

SAIH gir studentdemokratia høve til å sende to deltakarar. Om det er ledig plass etter påmeldingsfristen, så kan det sendast fleire delegatar

AU sitt forslag til vedtak:

Bakgrunn

Vintersamlinga er ein av dei årlege nasjonale samlingar som er open for lokallagsaktivistar, studentdemokratier, akademikerorganisasjonar og øvrige medlemmer av SAIH. Dette året blir det eit spennende program med fokus på vårens politiske kampanje om finansiering av høgare utdanning og effekten av skulepengsr og forberede til Årsmøtet 2024. Valgkomiteen vil være til stede for å svare på spørsmål angående det å stille til valg i SAIH. Mer informasjon om dette kommer snart på saih.no. Det blir en god blanding av faglige seminarer, kreative workshops og sosialt samvær.

Sak 43– 23-24: Eventuelt

Type sak:

Saksframlegg:

Møtekritikk etter formell møteslutt.